Dei palestinske flyktningane

Då staten Israel vart oppretta i 1948, blei omlag 750 000 palestinarar drivne på flukt frå landet sitt. Ein tredjedel flykta til Vestbredden, ein tredjedel til Gazastripa og resten hovudsakeleg til Jordan, Syria og Libanon. Dei fekk aldri lov til å venda attende. I dag er det om lag 7 millionar palestinske flyktningar på verdsbasis. 4,6 millionar av dei er registrert av UNRWA.

Les meir om dei palestinske flyktningane: **www.palestinakomiteen.no, www.palestina.no, www.al-awda.org og www.badil.org**

2008: Flyktningleiren Rashidiyeh i Sør-Libanon

Palestinsk fly

Vil du bli solidaritetsarbeidar i ein palestinsk flyktningeleir?

Er du reiselysten? Vil du bli kjent med ungdom i andre delar av verda? Vil du gjennom praktisk arbeid støtte det palestinske folk?

Veit du at det i dag bur 350 000 palestinske flyktningar i Libanon?

Solidaritetsarbeidar i Libanon?

Då er du velkomen til å søkje om å få bli med på solidaritetsarbeid i Libanon. Vår hovudsamarbeidspartner er General Union of Palestinian Women (GUPW) på norsk ofte berre kalla Kvinneunionen. Dette er ein stor organisasjon med greiner i dei fleste palestinske miljø og dei er ein del av PLO.

Solidaritetsarbeidarane arbeider for det meste i ulike klubbar og skulefritidsprogram med leik, aktivitetar og undervisning med born mellom 6 til 12 år. I tillegg underviser dei ungdom og vaksne i engelsk. I tillegg til engelsk ynskjer me at søkarane skal kunne undervise i t.d. forming, musikk, idrett, drama eller liknande. Dei som reiser må ha evne til å arbeide sjølvstendig for det kan til tider vera krevjande å finne sin rolle.

Solidaritetsarbeidaren bur og lever i tette relasjonar i flyktningeleiren, og dette gir viktige erfaringar på godt og vondt. Me meiner at det å delta i kvardagslivet er ein god måte å lære om palestinske flyktningar sin livssituasjon og ein måte å vise solidaritet på. Målet er å styrke solidaritetsarbeidet her heime. Intensjonen er at solidaritetsarbeidarane skal formidle kunnskapen når dei kjem heim, t.d. som rapportar, avisoppslag, foredrag og/eller via medlemsaktivitet i Palestinakomiteen. Søkjaren må vera over 20 år. Opphaldet må vare i minimum 3 mnd. og maksimum ½ år. Solidaritetsarbeidet er finansiert gjennom innsamla pengar frå Palestinakomiteen sin solidaritetskonto. Solidaritetsarbeidet er ulønna, men ein får dekka reise- og opphaldsutgifter.

Bakgrunn for solidaritetsarbeidet

Palestinakomiteen har sidan 1976 sendt solidaritetsarbeidarar til Midtausten. Solidaritetsarbeidet vårt skiller seg frå humanitært hjelp ved at me tar stilling i konflikta. Solidaritetsarbeidet skal være til nytte for mottakaren, men solidaritetsarbeidarane og dei som støtter våre prosjekt skal og lære om det palestinske folket og deira historie og situasjon.

Me har i mange år valgt å rette solidaritetsarbeidet vesentleg mot dei palestinske flyktningane i Libanon, fordi desse har blitt tilsidesatt og gløymd etter Oslo-avtalen. Det er og mange restriksjonar for palestinarane i Libanon. Vårt fokus har skifta frå helsearbeid til arbeid retta mot barn og ungdom. Me samarbeider med lokale organisasjonar og har solidaritetsarbeidarar i ein flyktningeleir i Sør-Libanon.

Kontakte for meir informasjon og eventuelt søknadsskjema:

Elisabet Sausjord – 776 94399 - e-post: esausjord@gmail.com (koordinator)

Gjennom solidaritet med palestinarane i leiren vil du lære og forstå meir av situasjonen i Midtausten i dag og dagleglivet til 3. og 4. generasjons flyktningar i Libanon. Du vil bu med ein palestinsk familie og bli kjent med palestinsk kultur, mat og tradisjonar.

Les meir på www.palestinakomiteen.no